

Vestlar engasjerer Møre og av gavmi gar i dess, bøsseinnsa



**Vakkert**  
Hanne Krogh med musikarar og KOR'e Vindafjord skuffa ikkje publikum som fylte opp heile kyrkja i Skjold.

t  
nilde o,  
ogalan  
pp-tri  
nbyg  
's au  
elte

# Grannarulehelg

Nr. 95 • Torsdag 23. desember 2010 • Årgang 38 • Laussal kr. 20

I om du skal ut og trekka frisk luft når er over. Det går mot ei svært kjølig vvarslar klarvær og sprengkulde langt te stader kan temperaturen truleg krypa r. Litt snø er kome, så i juleferien kan aktivitetar både på ski og skeiser.

## Storslått i Skjold kyrkje

Med Hanne Krogh i front blei det ein julesymfoni av lys og vakker song og musikk.

PEDER LUNDEGÅRD

Ei fullsett Skjold kyrkje – ca 540 personar, fekk ei førjulsoppleving av dei sjeldne tysdag kveld. Alle billettane var utselde, så det var rift om plassane for å få med seg den kritikariste konserten med Hanne Krogh med dei Tre Tenorar, for høvet saman med vertskommunens KOR'e Vindafjord.

Sjolv om Grannar sin utsendte har høyr og sett dette konsertopp- legget før, greidde Hanne Krogh og staben hennar, saman med det lokale koret, å gi alle som var der ei stund for oppleving, til etter tanke.

### Atmosfærisk

Konserten starta i nær mørke med det som vert kalla atmosfærisk musikk, der multimusikaren Tarjei Nysted sette ein musikalsk standard som heldt heile konserten ut.

Dette, saman med ei nesten magisk lyssetjing, gav ein ny dimensjon til konserten. Hanne Krogh som sa seg sterkt lei for at ho hadde ei hæs stemme - som ei kvinneleg utgåve av Ole Paus, greidde likevel å gi ei heilt spesielle utgåve av juleevangeliet; ei reise gjennom tid og rom, myste- riet om den unge Maria og barnet ho skulle føde, som har vore levande i århundre.

Dette gjorde ho gjennom song og forteljing. Sår royst eller ikkje, budskapet nådde oss som var til- høyrarar, og rørte ved oss.

### Tilfredse

Ved si side hadde Krogh tre av landets fremste tenorar: Thomas Rud, Nils Harald Sødal og Marius Roth Christensen. Dei medverka på tradisjonelle julesongar, så som klassikaren White Christmas eller O helga natt. Det lyser i stille grender, gav oss solonummer, men song også saman alle tre eller med Hanne Krogh eller i samklang med KOR'e Vindafjord.

Tarjei Nysted og Stein Austrud gav etter konserten eit samsten- nig uttrykk for ros til koret frå Vindafjord.

— Vi er alltid spente før møtet med nye medaktørar. Her var det ingen grunn til uro.

Koret møtte vel førebudd og



Hanne Krogh og tre av landets beste tenorar, Thomas Ruud (tv.), Nils Harald Sødal og Marius Roth Christensen, stod for ein flott konsert i Skjold kyrkje. FOTO: PEDER LUNDEGÅRD

samarbeidet med dirigenten Lasse Jarmer, gjekk framifrå. Lydansvarleg Sondre Rue var full av lovord for kyrkja som konsertlokale.

— Eg fekk ei lita utfordring med alle vinterkledd tilhøyrarane, men eg la berre på litt meir lyd, forklarte han.

Også lysansvarleg Espen Andersen var tilfreds og sa det var ei fantastisk kyrkje å lyssetje.

### Song og fortalde

Hanne Krogh fekk oss til å kjenne det som om ho var kome heim.

— Bestemor mi er døypt i gamle Skjold kyrkje, sa Krogh som song og fortalde sin versjon av Julekveidsvisen. Likeeins Reisen til Julestjernen, der ho som barnestjerne medverka i filmen med same namn.

— Då dotter mi såg den for først gong sa ho: «hun der synger godt, forresten hun ligner veldig på deg mamma», fortalde den folkekjære songartisten.

Men dette var ikkje berre Hanne og tenorane sin kveld. Dei to musikarane Tarjei Nysted og



Skjold kyrkje som vi vel aldri har sett henne før: som ein symfoni av fargar og musikalsk velyd. Her med KOR'e Vindafjord og solistane Anne Britt Nesheim (tv.) og Bente Kleppe.

Stein Austrud hadde nokre utrulege solonummer.

KOR'e Vindafjord har heller ingen grunn til å skamme seg, tvert om. Det er ei kjempeutfordring å synge saman med Tre

Tenorar, men det gjorde dei med trykk. Dei fekk også syne seg fram i solonummer, som Tenn lys. Det gjorde òg dei to solistane dei- ra, Anne Brit Nesheim og Bente Kleppe.

Dagen etter drog Hanne Krogh med stab til Skånevik der ny konsert, denne gong med Blueskoret, stod på programmet.



Musikalske troll- menn: Tarjei Nysted spela både fiolin, bratsj, oktav- fiolin, nøkkelharpe, mandolin, samt diverse perkusjon.